

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 14.11.2007 **Tid:** 14.00 – 19.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Miljø- og plankonsulent Tvedt, einingsleiar Erstad og adm.sjef Ramsli.

Det var synfaring i tilknytning til sakene 62, 63 og 64.

Delar av arealplanen og plangrunnlaget for den vart gjennomgått.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 16.11.2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit viste til tidlegare vedtak i naturutvalet om endring av status for off. vegar. Denne saka har ikkje kome vidare til kommunestyret då det var ønskeleg å gå ut offentleg med informasjon om arbeidet og tilrådinga før endeleg vedtak vart fatta. Han etterlyste vidare framdrift i saka.

Adm.sjef informerte om at det no vert vurdert korleis ein skal handsama dei innkomne merknader evt. om det skal hentast inn ytterlegare merknader. Saka vil verta fremja for naturutvalet på første eller andre møte i 2008.

Han ønskte og avklara når neste møte i naturutvalet vert. Utvalet bestemte at neste møte i utvalet vert **onsdag 12.12. 2007 kl 15.00.**

Sigmund Dyrhovden ba om at kommunen er aktiv pådrivar for å få utbetra fylkesvegen til Kvitingen. Det har gått lang tid med til dels store ulemper for brukarane av vegen. I tillegg til utrasingsstaden bør vegen og utbetrast lengre oppe då det stadig kjem ned steinar m.m.

Gunnar Bruvik spurde om kva saker som høyrer heime under utvalet sitt kvarter.

Administrasjonssjefen orienterte kort om kva som var tanken bak utvalet sitt kvarter. Innspel til politiske diskusjonar og om framlegg til saker som det bør arbeidast vidare med m.m. vil takast inn under utvalet sitt kvarter. Spørsmål om einskildsaker direkte over bordet til administrasjonen er vanskeleg å svara skikkeleg på. Desse spørsmåla bør takast opp med administrasjonen i andre samanhenger.

Gunnar Bruvik spurde om kva reglar som gjeld for løyve til å etablera nye avkjøringar.

Adm.sjefen orienterte om at før etablering av nye avkjøringar må det søkjast om løyve til dette hjå Statens Vegvesen.

Han spurde og om fartsdempingar på Ytre Tysse. Det vert her vist til arbeidet med miljøgata m.m. på Ytre Tysse.

Olaug Øystese ønskja at det vert reduserte fartsgrensar på ein del stadar. I diskusjonen kom det opp spørsmål om Trengereidfjorden, ved avkjøring til Lønnebakken (strekninga mellom tunnelane).

Helga Nygård spurde i den samanheng om fartsgrensa i feltet i Lønnebakken. Kva gjeld og kva kan gjerast.

Det vert vist til at trafikksikringsplanen skal rullerast kvart år. I den grad desse strekningane ikkje er nemnde her, bør tiltaka først vurderast i planen. Når det gjeld skiltinga internt i feltet, har vegvesenet stilt krav til kommunen om at det må lagast ein skiltplan før det er høve til å sette opp fleire skilt. Det er likevel ikkje tvil om at fartsgrensa i feltet er 30 km.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Utsendt notat om forskrift om piggdekk vart teke til etterretning.

Utsendt notat om Eikedalen vart drøfta i samband med gjennomgang av arealplan og lover og bestemningar knytt til denne planen.

Olaug Øystese, Helga Nygård og Sture Tveit vert valt som arbeidsgruppe til strandsoneplanen. Første møte her vert onsdag 21.11.07 kl 14.00.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0062/07	07/00301 DELINGSSAK GNR 3, BNR 4. VÅGE
0063/07	07/00418 DELINGSSAK GNR 4, BNR 1 TRENGEREIDFJORDEN
0064/07	07/00400 DELINGSSAK GNR 3, BNR 1. VÅGE
0065/07	04/00147 KVILEBU OPPFØRT UTAN LØYVE PÅ GNR.32 BNR.8 OG 9 KVITTINGEN
0066/07	07/00329 KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 50/07 I NATURUTVALET AVSLAG PÅ SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR RIDEBANE PÅ GNR.19 BNR.8 NORDVI
0067/07	07/00346 UTBYGGINGSPLAN HAGAMULEN.
0068/07	07/00377 DELINGSSAK GNR 26, BNR 34. HAGA

0062/07

DELINGSSAK GNR 3, BNR 4. VÅGE

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 4. Parsellen kan avgrensast i høve til søknaden ved at tomta får ein naturleg grense mot elva med omsyn til terreng, og bustadhus ikkje blir bygd nærare enn 30 m frå elva.

Med heimel i § 12 i jordlova vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 4.

Handsaming i møte:

Sture Tveit sette fram fylgjande framlegg til vedtak:

Vedtak som frå administrasjonen fram til ... med omsyn til terreng. Spørsmål om plassering av hus vert avgjort i samband med byggjesøknad. Avstand til elva skal vektleggjast ved husplassering.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Framlegget frå Sture Tveit vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 4. Parsellen kan avgrensast i høve til søknaden ved at tomta får ein naturleg grense mot elva med omsyn til terreng. Spørsmål om plassering av hus vert avgjort i samband med byggjesøknad. Avstand til elva skal vektleggjast ved husplassering.

Med heimel i § 12 i jordlova vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 4.

0063/07

DELINGSSAK GNR 4, BNR 1 TRENGEREIDFJORDEN

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 4 bnr 1. Søkjar har muligheit til å søkja om dispensasjon.

Etter jordlova § 12 kan deling ikkje godkjennast.

Handsaming i møte:

Olaug Karin Øystese sette fram slikt framlegg til vedtak:

Vedtak som frå administrasjonen men med fylgjande tillegg: Kommunen ved Naturutvalet ser positiv på riving av bustadhuset med påfølgjande oppattbygging.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Framlegget frå Øystese vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 4 bnr 1. Søkjar har mulighet til å søkja om dispensasjon.

Etter jordlova § 12 kan deling ikkje godkjennast.

Kommunen ved Naturutvalet ser positiv på riving av bustadhuset med påfølgjande oppattbygging.

0064/07

DELINGSSAK GNR 3, BNR 1. VÅGE**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 1.

Søkjar har moglegheit til å søkja om dispensasjon frå kommuneplanen, eller koma med ein merknad til strandsoneplanen som er under utarbeiding.

Med heimel i Jordlova § 12 vert det gjeve løyve til å dela frå ein parsell til bustadhus frå gnr. 3 bnr. 1.

Handsaming i møte:

Sigmund Dyrhovden sette fram slikt framlegg:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 1 i samsvar med kart dagsett 09.10.2007.

Med heimel i Jordlova § 12 vert det gjeve løyve til å dela frå ein parsell til bustadhus frå gnr. 3 bnr. 1.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Framlegget frå Dyrhovden vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 1 i samsvar med kart dagsett 09.10.2007.

Med heimel i Jordlova § 12 vert det gjeve løyve til å dela frå ein parsell til bustadhus frå gnr. 3 bnr. 1.

0065/07

**KVILEBU OPPFØRT UTAN LØYVE PÅ GNR.32 BNR.8 OG 9
KVITTINGEN**

Framlegg til vedtak:

Oppført kvilebu er bygd strid med kommuneplan og bygd utan byggjeløyve. Med heimel i plan og bygningslova § 113 vert det med dette gjeve pålegg om å riva kvilebua. På grunn av nær foreståande vinter, vert frist for fjerning sett til 1. mai 2008. Dersom kvilebua ikkje er riven innan fristen, kan vedtaket fylgjast opp med forelegg jfr. plan og bygningslova § 114.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket , vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

I møtet endra administrasjonssjefen dato for fjerning til 01. juli 2008. Utvalet drøfta saka inngåande. Ved røysting røysta alle for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Oppført kvilebu er bygd strid med kommuneplan og bygd utan byggjeløyve. Med heimel i plan og bygningslova § 113 vert det med dette gjeve pålegg om å riva kvilebua. På grunn av nær foreståande vinter, vert frist for fjerning sett til 1. juli 2008. Dersom kvilebua ikkje er riven innan fristen, kan vedtaket fylgjast opp med forelegg jfr. plan og bygningslova § 114.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket , vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0066/07

**KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 50/07 I NATURUTVALET
AVSLAG PÅ SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR RIDEBANE PÅ GNR.19 BNR.8
NORDVIK**

Framlegg til vedtak:

Det er ikkje kome inn nye moment som endrar kommunen sitt syn på at etablering av ridebane på gnr.19 bnr.8 er i strid med stadfest kommuneplan. Ein kan ikkje sjå at klage frå tiltakshavar inneheld særlege grunnar for dispensasjon frå kommuneplanen.

Vedtak i sak 50/07 vert oppretthalde. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

Handsaming i møte:

Sture Tveit sette fram slikt framlegg til vedtak:

Klagen vert teken til følgje. Det vert gjeve byggjeløyve for ridebane på gnr. 19, b.nr 8 Nordvik. Tiltaket er å sjå på som landbrukstiltak og av den grunn trengst det ikkje søkjast om dispensasjon.

Ved røysting fekk framlegget frå Tveit 1 røyst og framlegget frå administrasjonen 6 røyster.

Vedtak:

Det er ikkje kome inn nye moment som endrar kommunen sitt syn på at etablering av ridebane på gnr.19 bnr.8 er i strid med stadfest kommuneplan.

Ein kan ikkje sjå at klage frå tiltakshavar inneheld særlege grunnar for dispensasjon frå kommuneplanen.

Vedtak i sak 50/07 vert oppretthalde. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

0067/07

UTBYGGINGSPLAN HAGAMULEN.

Framlegg til vedtak::

Framlegg til utbyggingsplan for Hagamulen dagsett 22.10.2007 med føresegn vert godkjent under føresetnad om at krav frå Statens vegvesen i brev datert 25.10.2007 vert innarbeidd.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til utbyggingsplan for Hagamulen dagsett 22.10.2007 med føresegn vert godkjent under føresetnad om at krav frå Statens vegvesen i brev datert 25.10.2007 vert innarbeidd.

0068/07

DELINGSSAK GNR 26, BNR 34. HAGA

Framlegg til vedtak::

Med heimel i § 63 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell med bustadhus frå gnr 26 bnr 34.

Handsaming i møte:

Farnlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 63 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell med bustadhus frå gnr 26 bnr 34.